



Møteinnkalling

Utval:	Opplærings- og helseutvalet
Møtestad:	, Sotra vidaregåande skule, avd Bildøy
Dato:	21.10.2014
Tid:	11:00

Det blir med dette kalla inn til møte i opplærings- og helseutvalet

Dato: 21.oktober 2014

Møtestad: Sotra vidaregåande skule, avd. Bildøy

Møtestart: Kl. 11.00.

Program:

Kl. 09.00: Fellestransport/avreise frå Bergen bystasjon v/Blomsterpaviljongen
Møte/omvisning på Sotra vgs

Kl. 11.00 Saksføreaving

Kl. 12.00 Lunsj

Kl. 12.30: Saksføreavinga held fram.

Til dette møtet har Dan Femoen meldt forfall. **John Opdal vert innkalla.**

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Opplærings- og helseutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Roald Stenseide
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS	Referatsaker (Meldingar)		
RS	Fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland	2014/21391	
RS	Elevar med lang reiseveg/tid	2014/21678	
RS	Vedkomande spørsmål i OPHE 13. mai i samband med behandling av Klimaplanen 2014-2030	2014/13622	
RS	Skuleanlegg som pedagogisk arkitektur - funksjonskrav	2014/21640	
PS	Innspel til Helse- og omsorgsdepartementet om ny folkehelsemelding 2015	2014/18419	
PS	Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar	2014/21703	
PS	Høyring om omgjerung av utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon	2014/18721	
PS	Anmodning om uttale - Norges Realfagsgymnas Sotra AS - søknad etter privatskolelova	2014/20188	
RS	Kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg	2014/12294	
PS	Ymse		

PS 61/14 Godkjenning møteinnkalling og saksliste

PS 62/14 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

PS 63/14 Referatsaker (Meldingar)



Notat

Dato: 29.09.2014
Arkivsak: 2014/21391-1
Saksbehandlar: sisover

Til:	Opplæring- og helseutvalet Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland

Fylkesrådmannen viser til vedtak i Opplæring- og helseutvalet 19. mars 2014 under saka *Open time*:

«OPHE ber om ei sak om forsøk på fritt skuleval på tvers av fylkesgrensene mellom Rogaland og Hordaland.»

Rogaland fylkeskommune er kjent med dette vedtaket og vil fremje ei sak om fritt skuleval over fylkesgrensa som skal opp til avgjerd i fylkestinget i Rogaland i desember. Fylkesrådmannen meiner at det er viktig å leggje til rette for samarbeid i denne saka. Sak om fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland vil derfor bli fremja for Opplæring- og helseutvalet i november og fylkestinget i desember.



Notat

Dato: 02.10.2014
Arkivsak: 2014/21678-1
Saksbehandlar: oydzien

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Elevar med lang reiseveg/tid

Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå representanten **Rasmus L. Rasmussen** under Open time i Opplærings- og helseutvalet 17. september 2014:

«Kor stor del av elevane i vgs i Hordaland har meir enn 1 times reiseveg?»

I registra for skuleskyss er det ingen oversikt som syner reiseveg i tid. Ruteplanleggjarane i Skyss meiner at reiseveg på meir enn om lag 35 kilometer vil gje ein time eller meir i reiseveg. I våre register er det 355 elevar som har 35 kilometer eller meir i reiseveg til skulen.

Notat

Dato: 19.09.2014
Arkivsak: 2014/13622-33
Saksbehandlar: evataul

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Vedkomande spørsmål i OPHE 13. mai i samband med behandling av Klimaplanen 2014-2030

Spørsmål frå Anette Dybvik i Open time:

«OPHE ønsker at det undersøkes om planretningslinjene i kap.5.3 vil skape et ekstra forvaltningsnivå som kan komme i konflikt med det statlige regelverket som Fylkesmannen allerede forvalter idag.»

Hordaland fylkeskommune er ein regional planstyresmakt og Klimaplan 2014-2030 er utarbeidd som ein regional plan etter plan- og bygningslova §§ 8-1 til 8-4. Regional plan skal leggjast til grunn for regionale organ sin verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Regional plan med retningslinjer har ikkje direkte rettsverknad ovanfor den einskilde innbyggjar, men vil vere eit grunnlag for å fremje motsegn til kommunale planforslag som ikkje er i samsvar med den regionale planen. Statlege organ har rett og plikt til å delta i planlegginga når deira virkeområde er involvert.

Fylkesmannen er statens representant i fylket og skal følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen skal mellom anna arbeida for å redusera utslepp av klimagassar og avgrensa framtidige skadar. Fylkesmannen fungerer som eit bindeledd mellom den nasjonale klimapolitikken og gjennomføringa i lokalsamfunna. Det er kommunane(herunder fylkeskommunen) som har hovudansvaret for å planlegge for gode samfunn for innbyggjarane, der klimaperspektivet er ein viktig del.

Fylkesmannen har deltatt i arbeidet med Klimaplanen i prosjektgruppa og temagruppa for Tilpassing til klimaendringar.

Frå Statleg nivå har vi *Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene*. Desse var fastsett i 2009 med heimel i plan- og bygningslova § 6-2. Dei statlege retningslinjene skal leggjast til grunn ved statleg, regional og kommunal planlegging etter plan- og bygningslova samt einskildvedtak som statlege, regionale og kommunale organ treff etter plan- og bygningslova eller anna lovgjeving.

Føremålet med retningslinjene er å sikre at kommunane går foran i arbeidet med å redusera klimagassutslepp, sikre meir effektiv og miljøvenleg energiomlegging i kommunane samt sikre at kommunane nyttar eit breitt spekter av roller og virkemiddel i arbeidet med å redusera klimagassutslepp. Klimaplan for Hordaland 2014-2030 er utarbeidd i samsvar med *Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene*.

Oppsummering:

Planretningslinjene i kap.5.3 er i samsvar med plan- og bygningslova sine føringar om regional planlegging og skapar ikkje eit ekstra forvaltningsnivå. Retningslinene i planen er i samsvar med dei statlege planretningslinjene som fylkesmannen skal sjå til at vert følgt.



Notat

Dato: 01.10.2014
Arkivsak: 2014/21640-1
Saksbehandlar: oydziem

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Skuleanlegg som pedagogisk arkitektur – funksjonskrav.

Innhaldet i utgreiinga "Skuleanlegget som pedagogisk arkitektur – Funksjonskrav" – blir nytta som det faglege grunnlaget ved skuleutbyggingar og nye skulebygg. Dokumentet vart laga i 2003 og revidert i 2009. Det har tidlegare vore varsla at utgreiinga skal fornyast, og Opplæringsavdelinga har i samarbeid med Eigedomsseksjonen starta arbeidet med oppdatering av dokumentet.

Skulebygg og pedagogisk arkitektur er eit aktuelt tema i den offentlege debatten. Hordaland fylkeskommune har fleire store skulebyggprosjekt framføre seg. Av den grunn er det viktig å ha eit oppdatert og godt grunnlag i arbeidet med planlegging og utbygging av nye skulebygg.

Det nye dokumentet skal beskrive dei krav og forventningar som vert stilt til nye og oppgraderte skuleanlegg i Hordaland fylkeskommune. Dokumentet skal danne grunnlaget for å bestille nye skuleanlegg, utbygging av eksisterande anlegg, rehabilitering og mindre ombyggingar. Ved nye byggeprosjekt må innhaldet i dokumentet sjåast på som krav. Ved mindre byggeprosjekt og rehabiliteringar vil dokumentet kunne sjåast på som retningsgjevande.

I dokumentet vil vi særleg behandla det funksjonelle med bakgrunn i den pedagogiske aktiviteten som skal utøvast i anlegget. Dokumentet vil også seie noko om arbeidsprosessar og samhandling mellom aktørar. Dokumentet skal vere retningsgjevande når ein skal konkretisere og sette saman eit byggeprogram for dei ulike skulane. Det er også meint som eit basisdokument for informasjon, dialog og drøfting mellom dei impliserte partane.

Målet er at nytt dokument skal vere klart til politisk handsaming våren 2015.



Notat

Dato: 10.10.2014
Arkivsak: 2014/12294-6
Saksbehandlar: ireolse

Til:	Opplærings- og helseutvalet
Frå:	Fylkesdirektør opplæring

Kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg

En viser til vedtak i møte i Hordaland fagskulestyre og i Opplærings- og helseutvalet knytt til kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg.

Prosedyrer ved rehabilitering av bygg/ tekniske installasjoner.

Eigedomsseksjonen har mange prosjekt som omfatter helt eller delvis rehabilitering av bygg med tekniske installasjoner. I de fleste slike prosjekt rehabiliteres varme-, ventilasjonsanlegg totalt mens det innenfor elektro og bygg tas med det som er naturlig i prosjektet.

Ved rehabilitering av skoler blir det i forkant opprettet kontakt med skolen og brukergruppe blir oppnevnt. I prosjekteringsfasen blir skolen forelagt løsninger der det er naturlig og tilbakemeldinger ivaretatt så langt det lar seg gjøre.

I de fleste prosjekter rehabiliteres skolen samtidig med at skolen har «normal» drift. Deler av skolen blir gjerne frigitt slik at entreprenører kan jobbe noe friere. Slike prosjekt kan noen ganger gå over 3-4 år og skolene er nok noe hemmet av dette. Vi har likevel gjennom ett tett samarbeid med skolene følt at dette har gått bra, selv om skolene nok er lei når prosjekt nærmer seg slutten.

Alternativ er å tømme skolene ved rehabilitering. Dette er en løsning som har fordeler ved at entreprenørene kan jobbe fritt uten å ta hensyn til skoledriften. Det vil også redusere byggetid og direkte prosjektkostnader.

Det som imidlertid er ulempen er kostnadene med å bygge opp brakkerigger og flytte skolen ut i anleggsperioden. Det er heller ikke enkelt for yrkesfagskoler. En del steder er det heller ikke praktisk mulig å sette opp brakkerigg. Totalt sett blir også dette en mer kostbar løsning pga. oppbygging, flytting og drift av midlertidig skole.

Luftbehandlingsanlegg som ikke virker, støy fra anlegg.

Ved installasjon av nye luftbehandlingsanlegg kjøpes både rådgivertjenester og utførelse fra godkjente rådgivere/entreprenører. I de fleste tilfeller kjøpes også prosjekteringsledelse og byggeledelse, da

Eigedomsseksjonen ikke har kapasitet til dette. Vi er derfor helt avhengig av kvaliteten på disse kjøpte tjenestene .

Det forutsettes at de prosjekterende og utførende, som er godkjente i sine tiltaksklasser, følger de krav som fremkommer i teknisk forskrift, krav fra arbeidstilsynet, miljøretta helsevern i barnehager og skoler etc.

Prosjektansvarlig ved Eigedomsseksjonen deltar i prosjekterings- og byggemøter men er avhengig av at de enkelte fagrådgivere og entreprenører leverer ihht. krav. Eigedomsseksjonen deltar likevel aktivt og påtaler kontinuerlig feil og mangler i prosjekterings- og utførelsesfasen samt i garantitiden. Eigedomsseksjonen har egen prosjekteringsanvisning som blir benyttet.

Nye forskrifter til energibruk i bygg er svært strenge, noe som også gjelder energi til luftbehandlingsanlegg. Dette har ført til at det prosjekteres luftbehandlingsanlegg med behovsstyrt luftmengde. Dvs. at de enkelte rom får den luftmengden som kreves ut fra personbelastningen i rommet. Disse anleggene er i teorien gode, men har vist seg vanskelig å få til å virke. Noe enklere anlegg med noe mindre energibesparelse men større driftssikkerhet blir nå prosjektert, i påvente av at mer optimale løsninger skal virke som forutsatt.

Vi vil likevel påpeke at de fleste anlegg fungerer etter hensikten og at vi ved mindre ombygginger også får problemanleggene til å fungere rimelig bra.

Dagens krav til luftmengder er ofte det dobbelte av de som var da bygget var nytt. Store luftmengder krever store kanaldimensjoner som kan være vanskelig å komme frem med i eksisterende bygg pga. lave takhøyder og dragere. Årsaken til støy fra luftbehandlingsanlegg er ofte knyttet til utformingen av kanalnettet. I noen tilfeller fører uheldig kanalutforming til at lyd genereres i kanalnettet. Lyddempende tiltak gjøres da i stor utstrekning for å prøve å tilfredsstille dagens krav til støy fra luftbehandlingsanlegg.

SD-anlegg med sentral kontroll

Sentral driftskontroll (SD-anlegg) er i dag installert i ca. 95 % av alle skolene. Fra fylkeshuset kan styring, regulering og endring av temperaturnivået gjøres og feilmeldinger mottas fra alle skolene med SD-anlegg, over hele fylket. Eigedomsseksjonen og driften ute har noen superbrukere på SD-anlegg . Disse kan via egen pc gå inn på SD-anlegget ved hvilken som helst skole og hjelpe til med styring av tekniske installasjoner. Dette blir gjort ved sykdom hos driftsleder, ved opplæring og ellers ved behov for hjelp til justering av driftsparametre.



Arkivnr: 2014/18419-2
Saksbehandlar: Else-Marie Brobakke Aarø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	64/14	21.10.2014
Kultur- og ressursutvalet		21.10.2014

Innspel til Helse- og omsorgsdepartementet om ny folkehelsemelding 2015

Samandrag

Hordaland fylkeskommune er invitert til å gje innspel til det pågåande arbeidet med ny folkehelsemelding som skal leggjast fram våren 2015. I brev frå Helse- og omsorgsdepartementet ber Regjeringa om tilbakemelding på korleis folkehelsepolitikken kan fornyast på tvers av sektorane gjennom innsats sentralt og lokalt, gjennom frivillig sektor, gjennom næringslivet og i arbeidslivet.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at Regjeringa, gjennom å arbeide fram ei ny folkehelsemelding, tek eit eigarskap for utvikling av folkehelseområdet. Regjeringa vil særleg løfte fram innsatsområda: Psykisk helse i folkehelsearbeidet, aktive eldre og tilrettelegging for ein helsevenleg livsstil. I tillegg skal førebyggjande arbeid mot barn og unge skal vere prioritert.

Fylkesrådmannen ser også at andre innsatsområder bør løftast fram. Arbeidet med barn og unge bør prioriterast høgt, innsatsen her må rettast inn mot både det førebyggjande og det helsefremjande arbeidet. Redusere sosiale helseskilnader, samt målretta satsing på god nærmiljøutvikling og universell utforming bør også vere innsatsområder. Vidare meiner Fylkesrådmannen at ei ny folkehelsemelding bør ta tydelege grep for sikre gode rammer for det tverrsektorielle arbeidet både i kommunane og regionalt, gjerne gjennom for nye former av partnerskap, samt sikre innovasjon gjennom kunnskapsbygging.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune viser til fylkeskommunen sin Regionale plan for folkehelse.
2. Hordaland fylkeskommune ber Helse- og omsorgsdepartementet merke seg vedteke sakdokument og utgreiing i sitt vidare arbeid med ny stortingsmelding om folkehelse.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.10.2014

Bakgrunn for saka

Solberg regjeringa skal legge fram ny folkehelsemelding våren 2015. Nye folkehelsemeldingar skal deretter utarbeidast kvar fjerde år. I samband med arbeidet med den nye meldinga har Helse- og omsorgsdepartementet i brev av 25. 06.14 gjort greie for arbeidet med ny folkehelsemelding.

Folkehelseinstituttet har lagt fram eit kunnskapsgrunnlag gjennom «*Folkehelse rapporten 2014*».

<http://www.fhi.no/publikasjoner-og-haandboker/folkehelse rapporten/for-pressen>

Helsedirektoratet har gjennom rapport IS-2203 «*Samfunnsutvikling for god folkehelse*» gått gjennom status for folkehelsearbeidet og kjem med råd for vidareutvikling av folkehelsearbeidet i Noreg.

<http://helsedirektoratet.no/Om/nyheter/Documents/Samfunnsutvikling%20for%20god%20folkehelse.pdf>

Det er også oppretta eiga nettside for arbeidet med den nye folkehelsemeldinga:

<http://folkehelsemelding.regjeringen.no>

Rammer og fakta

Regjeringa melder i saksutgreiinga at meldinga skal vise ei brei satsing på folkehelse og at det førebyggjande helsearbeidet skal styrkjast. I arbeidet med meldinga vil Regjeringa særleg løfte fram tre innsatsområder: **Psykisk helse i folkehelsearbeidet**, **aktive eldre** og **tilrettelegging for ein helsevenleg livsstil**. I tillegg går det fram at **førebyggjande arbeid mot barn og unge** skal vere prioritert.

Regjeringa ber om tilbakemelding på korleis folkehelsepolitikken kan fornyast på tvers av sektorane gjennom innsats sentralt og lokalt, gjennom frivillig sektor, næringslivet og i arbeidslivet. Regjeringa ønskjer også innspel på korleis folkehelsearbeidet kan utviklast vidare.

Dei nasjonale måla for folkehelsearbeidet frå Meld. St. 34 (2012-2014) «God helse – felles ansvar» er:

- *At Noreg skal vere blant dei tre landa i verda med høgast levealder*
- *At befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale skilnader*
- *At vi skal skape et samfunn som fremjar helse i heile befolkninga*

Fylkesrådmannen si vurdering

Folkehelsearbeidet har utvikla seg mykje dei siste åra og skal i dag bidra til ei samfunnsutvikling for å sikre eit berekraftig samfunn, fremje folkehelse og motverke sosiale helseskilnader. Folkehelse er lagt inn som premiss i Plan- og bygningslova. Folkehelselova frå 2012 er unik i verdssamanheng og gjev særleg kommunane, men også fylkeskommunane eit tydeleg ansvar i folkehelsearbeidet.

- Fylkesrådmannen legg til grunn at dei nasjonale måla for folkehelsearbeidet står fast framover, og at fornying av folkehelsearbeidet skal støtte opp om det pågåande arbeidet med å nå dei overordna måla. Fylkesrådmannen sine innspel til ny folkehelsemelding byggjer på saksgrunnlag, mål og strategiar i *Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014-2025* vedteken einrøystes i Hordaland fylkesting i mars 2014. Viktige innsatsområder som ligg til grunn i denne planen er heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming, lokalsamfunn, nærmiljø og bustader, oppvekst og læring, arbeid og arbeidsplassen, samt aktivitet og deltaking. Det bør etablerast tydelege langsiktige verkemidlar for å sikre ein samanheng mellom dei nasjonale måla i folkehelsearbeidet og innsatsområder innanfor folkehelsepolitikken. Dette for å sikre at det lokale og det regionale nivået i folkehelsearbeidet oppfyller dei krav og forventingar som ligg i Folkehelselova. Den nye stortingsmeldinga bør byggje på det grunnlaget som er lagt gjennom skiftande regjeringar dei siste 15 åra. Det er også viktig at ein i fornyingsarbeidet vidareutviklar arbeidet i tråd med ny faglig kunnskap på området.
- Fylkesrådmannen ser det som positivt at Regjeringa, gjennom å arbeide fram ei ny folkehelsemelding, tek eit eigarskap for utvikling av folkehelseområdet. Fylkesrådmannen ser også at andre innsatsområder enn *psykisk helse i folkehelsearbeidet*, *aktive eldre* og *tilrettelegging for ein helsevenleg livsstil* bør løftast fram. Arbeidet med *barn og unge* bør prioriterast høgt, her byggjer vi helsekapital for framtida. Andre viktige innsatsområder sett frå Fylkesrådmannen er å *redusere sosiale helseskilnader*, *sikre gode rammer for det tverrsektorielle arbeidet både lokalt og regionalt*, *vidareutvikle nye strategiar for nye former for partnerskap*, *satse målretta på god nærmiljøutvikling og universell utforming*, samt sikre *innovasjon gjennom kunnskapsbygging*.

Fylkesrådmannen har følgjande innspel til folkehelsemeldinga.

Vidareutvikle folkehelsearbeidet:

- **Prioritere arbeidet med å redusere sosiale helseskilnader høgt:** Det er godt dokumentert i den nye norske kunnskapsrapporten frå 2014 «*Sosial ulikhet i helse*» at sosial ulikhet i helse framleis er ei stor utfordring i folkehelsearbeidet. Rapporten peikar mellom anna på at dei sosiale helseskilnadane er eit samfunnsproblem, er urettferdige og representerer eit tap for einskildpersonar, familiar og for samfunnet. Utfordringar knytt til sosial ulikskap vert også peika på i «*Folkehelse rapporten 2014*». Folkehelsepolitikken på dette området bør byggje på anbefalingane frå den ferske norske kunnskapsrapporten. Det må leggast vekt på: samarbeid på tvers av samfunnssektorar, mogelegheitene til å treffe gode individuelle val og legge til rette samfunnet for sunne val, faktorar som fremjar god psykisk helse og trivsel, tidleg innsats, samt samarbeid med frivillig sektor.

- **Sikre gode rammer for utvikling av tverrsektorielt arbeid og partnerskap for folkehelse:** Gode folkehelseiltak fordrar oftast godt tverrsektorielt samarbeid. Gjennom utvikling av heilskapelege arbeidsformer og tverrsektorielt samarbeid, kan ein politikk som kombinerer tiltak på mange område sikrast. Sidan den nye lova kom i 2012 har merksemda knytt til verdien av utstrakt samarbeid auka. NIBR peiker i sin evalueringsrapport på at å arbeide inn det breie folkehelseperspektivet krev omstilling. Folkehelsearbeid i tråd med folkehelselova er offentleg innovasjon. Tiltak i den nye meldinga må støtte opp om at «prinsippet om helse i alt vi gjer» må «automatiserast» inn i alle samfunnssektorar både på statleg, regionalt og lokalt nivå. På sikt vil slike satsingar gjere meir effektiv bruk av offentlege ressursar.

Sidan strategien om partnerskap for folkehelse som grunnlag for samarbeid og erfaringsutvikling, blei lansert med Bondevik 2 regjeringa for over ti år sidan, er modellen anbefalt som arbeidsform i Folkehelselova. Det bør arbeidast for å vidareutvikle gode modellar for folkehelsepartnerskap med breidde i deltakande aktørar for å sikre sterkare samhandling og innovasjon.

- **Samhandling på regionalt nivå:** Fylkeskommunen skal etter folkehelselova bidra til innovasjon i rolla som regional utviklingsaktør, samt støtte kommunane i deira folkehelsearbeid. Eit regionalt nivå kan bidra til tydelegare satsingar knytt til prioritering av innsatsområder, samt i endå sterkare grad bidra til nye koplingar innan ulike samfunnsområder. Meir offentleg innovasjon gjennom ny utvikling av breiare partnerskap for folkehelse med meir samstyring (governance) kan vere eit slikt verkemiddel. Kommunane bør få ein større rolle i dette arbeidet enn det som gjerne har vore praksis hittil. Eit anna regionalt verkemiddel er å koordinere innsatsen frå ulike aktørar som i dag har ei rolle i arbeidet med å understøtte kommunane. Det vil vere meir tidseffektivt og meir strukturert å nytte ulike samhandlingsarenaer som er etablerte (som regionale plannettverk) og vidare utvikle desse. Regionale satsingar i folkehelsearbeidet vil fremje nærleik og eigarskap lokalt. Fylkesrådmannen ser det som viktig at nasjonalt utvikling- og pådrivararbeid har som mål å både bygge og nytte kompetanse lokalt og regionalt.
- **Vektlegge innsats innan både helsefremjande og førebyggjande arbeid:** Dei innsatsområda som er valde som hovudinnsatsområder for den nye folkehelsepolitikken (psykisk helse i folkehelsearbeidet, aktive eldre og helse venlege val) er alle viktige områder i folkehelsearbeidet. Men Folkehelselova legg opp til ein brei tilnærming til folkehelsearbeid, der intensjonen både er at folkehelseaktørane skal ivareta det førebyggjande og det helsefremjande perspektivet. Ei sterk vektlegging av det førebyggjande folkehelsearbeidet og på få innsatsområder, kan føre til ei dreining av folkehelsearbeidet inn mot ei meir sjukdomsorientert retning og dermed bidra til ei mindre berekraftig samfunnsutvikling. Folkehelselova stiller i dag store krav til oversikt og tiltaksutvikling både for kommunar og fylkeskommunar på folkehelseområdet. Særleg vil meir kunnskap om kva ressursfaktorane har å seie for helse vere ein særleg verdi i utvikling av det framtidige folkehelsearbeidet.
- **Kunnskapsbygging og kunnskapsspreiing:** Det er framleis ein stor trong for kunnskapsbygging og kunnskapsspreiing både lokalt og regionalt knytt til folkehelsefeltet. Eit godt verkemiddel her kan vere regional koordinering av kunnskap gjennom ulike nettverk som partnerskap og mot kompetanseinstitusjonar. Stimulering til og gjennomføring av opplæring på politisk-, administrativt- og saksbehandlar nivå er viktig. Det same gjeld for befolkninga. Innsats knytt til meir helsevenlege val må sjåast i samheng med alltid gjeldande kunnskap om årsaksamanhengar og påverknadsfaktorar. På andre områder som arbeidet med å fremje til dømes god psykisk helse og trivsel, har vi mindre sikker

kunnskap og meir uklare samanhengar. Dette inneber at den nye meldinga også må peike på områder som treng forskning og evaluering.

Barn og unge

- *Innsats retta mot barn og unge må prioriterast:* Fylkesrådmannen meiner at satsing på barn og unge må vere ei prioritert oppgåve i den nye folkehelsemeldinga og bør løftast fram som eit eige punkt. Stadig meir forskning peikar på at ein heilskapleg og langsiktig satsing på folkehelse må starte svært tidleg med tyngdepunkt mot barn, unge og foreldre/familien. Regjeringa peiker på at ein ønskjer at barn og unge som veks opp skal få meir likeverdige tiltak. Ei svært viktig oppgåve for kommunane er utvikling av gode levekår for barn og unge, samt sikre at barn og ungdom kjem seg gjennom utdanningsløpet. Barnehage og skule er viktige verktøy for å påverke trivsel, meistring, framtidig god psykisk helse, men også bidra til å legge eit godt grunnlag for gode helsevaner. Ei ny folkehelsemelding bør særleg løfte fram barnehagen og skulen som helsefremjande arenaer.

Psykisk helse og gode nærmiljø

- *Psykisk helse i folkehelsearbeidet:* Fylkesrådmannen meiner at i utvikling av kunnskapsområdet psykisk helse i folkehelsearbeidet er det viktig å løfte fram ulike samfunnssektorar sin funksjon som påverknadsfaktorar/ressursfaktorar for helse. Systematisk arbeid inn mot samfunnsarenaer som når mange - som barnehagar, skular, arbeidsplassar og lokalmiljø - har stort potensiale når det gjeld til dømes å førebyggje ulike psykiske helseproblem. Dei same arenaene er viktige for å fremje positive helseressursar for å byggje god psykisk og fysisk helse.

Vi treng meir merksemd på verdien av aktivitet og arbeid som ressurs for god psykisk helse. Like viktig som å auke tilknytning til arbeidslivet for dei eldste arbeidstakerane for å fremje fleire aktive år, er auka innsats retta mot unge og andre grupper som står utanfor arbeidslivet. Det er særleg urovekkande at så mange unge står utanfor arbeidslivet. Ei sterkare satsing knytt til arbeid og arbeidsplassen krev tettare samhandling mellom ulike departement, samt at arbeidstakar og arbeidsgjevar organisasjonar må trekkjast tettare inn i folkehelsearbeidet.

- *Satse på gode nærmiljø og universell utforming i folkehelsearbeidet:* Norge har slutta seg til Health 2020 som mellom anna vektlegg at både sivilsamfunn og enkelt personar må setjast i stand til å ta ansvar for eige liv og bidra i eige lokal samfunn. Auka innsats for mest mogeleg universell tilrettelegging av samfunnet enten det handlar om fysisk miljø inne og ute, sosiale møtestadar eller kommunikasjon, kan bidra til eit samfunn med auka meistring, medverknad og tilhøyrslø. Vidare kan dette fremje deltaking og inkludering for innbyggjarane på tvers av alder, kjønn, geografisk og sosial bakgrunn.

Å legge til rette samfunnet for å meir trivsel, aktivitet og deltaking er gode tiltak for folkehelsa. Dette særleg sett i lys av at vi står føre ein rask befolkningsvekst særleg i bysentra og i tettbygde strøk. Stadutvikling i framtida må gje rom for å utvikle gode og helsefremjande nærmiljø. Nærmiljøet er ein svært viktig gjennomføringsarena i folkehelsearbeidet. Utforming av nærmiljøet kan bidra til både ressursar for å bygge god helse for alle befolkningsgrupper og fremje mellom anna bevegelse og aktiv transport. I nærmiljøet kan det leggjast til rette slik at befolkinga i alle aldersgrupper kan ta gode helsevenlege val. Utvikling av helsefremjande nærmiljø er eit godt verkemiddel for å auke tverrsektorielt arbeid.



Arkivnr: 2014/21703-1
Saksbehandlar: Linda Farestveit

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	65/14	21.10.2014
Fylkesutvalet		30.10.2014
Fylkestinget		09.12.2014

Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar

Samandrag

Fylkestinget vedtok 12.12.2007 Handlingsplan mot diskriminering av homofile og lesbiske. Planen vart evaluert, og resultatet av evalueringa lagt fram for Fylkestinget i møte 9.3.2010.

Rulleringa av handlingsplanen har funne stad i samarbeid med LLH - Landsforeininga for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i Bergen og Hordaland, Skeiv Ungdom, skulehelsetenesta og Elevorganisasjonen. Desse har kome med gode innspel til planen.

Forslag til innstilling

Utvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til rullering av handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.10.2014

1. Bakgrunn og status

Innleiing

Fylkestinget vedtok 12.12.2007 Handlingsplan mot diskriminering av homofile og lesbiske. Planen vart evaluert, og resultatet av evalueringa vart lagt fram for Fylkestinget i møte 9.3.2010. Rulleringa av handlingsplanen har funne stad i samarbeid med LLH - Landsforeininga for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i Bergen og Hordaland, Skeiv Ungdom, skulehelsetenesta og Elevorganisasjonen. Desse har kome med gode innspel til planen.

Skule og utdanning

Skulen er ein arena der lesbiske, homofile, bifile og trans-elevar, kortform lhbt-elevar, kan oppleve utestenging, homofobisk erting og seksuell trakassering. Bifile, homofile og menneske med eit atypisk kjønnsuttrykk vert mobba meir enn heterofile.¹ Lhbt-personar rapporterer om dårlegare helse enn resten av befolkninga og er overrepresenterte i sjølvmondsstatistikken. Nokre lhbt-elevar føler seg stigmatiserte på skulen.² Det er ikkje lenge sidan det å vere lhbt-person var definert som ein sjukdom og forbunde med skam og tabu. For nokre tiår tilbake var mannleg homofili kriminalisert. Det var fyrst i 2010 ein tok bort diagnosen transvestisme i Noreg. I dag er det eit fåtal i den norske befolkninga som har negative haldningar til lhbt-personar, men framleis uttrykkjer mellom ti og tjue prosent tydeleg skepsis til lhbt-personar.³ «Homo» er eitt av dei vanlegaste skjellsorda, og i einskilde miljø kan det å vere lhbt-person vere eit så sterkt brot på norma at det fører til utestenging, vald eller andre sanksjonar. Homofobi og transfobi er dei mest negative utslaga av heteronormativitet. Med bakgrunn i slike haldningar og fobiar i samfunnet kan det å vere «stolt og lhbt-person» eller open transperson krevje stor styrke.

Undervisninga i skulane er ofte heteronormativ. Heteronormativitet vil seie at heteroseksuell orientering vert teke for gitt i møte mellom menneske. Personar med anna seksuell orientering opplever stadig å vere utanfor «det heterofile fellesskapet». Dette kan føre til at «kome-ut-prosessen» vert ein pågåande prosess gjennom heile livet, og at lhbt-personar får vanskar med å akseptere seg sjølve og til å utvikle ein sterk sjølvtilitt. I eit heteronormativt samfunn er det viktig å vere budd på å møte alle med respekt og verdigheit anten dei tilhøyrer majoritet eller minoritet. Lærarane har gjerne dei beste intensjonar om å utføre inkluderande undervisning, men manglar ofte fagkompetanse om seksualitet og korleis undervisninga kan gjerast lhbt-inkluderande. Å vere ein inkluderande vaksen handlar om å bruke eit ope språk og medverke til positiv synleggjering. Ein må vere medveten om ikkje å snakke om homofile og transpersonar som «dei andre». Eit fyrste steg er å ikkje ta for gitt at alle elevane i klassen er heterofile. Vidare vil ein lærar som snakkar om seksuell orientering og kjønnsidentitet på ein positiv måte, både i faglege og sosiale samanhengar, kunne gjere ein forskjell for den einskilde elev som ikkje passer inn i den heterofile norma. Målet er ein skule der lhbt-elevar skal kunne vere seg sjølve og oppleve å bli inkluderte og ivaretekne. For å få til dette treng lærarane å føle seg trygge når lhbt-tema kjem opp, både i klasserommet og i korridorane.

Målgruppa for handlingsplanen

Denne handlingsplanen omhandlar diskriminering av lhbt-elevar i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Målgruppa er utvida til å inkludere transpersonar, noko gjeldande plan ikkje gjorde. Handlingsplanen vil og kunne gjelde for andre seksuelle minoritetar som ikkje er drøfta her. Ei særskild sårbar gruppe er unge lhbt-elevar med minoritetsbakgrunn. Nova-rapporten 14/03⁴ konkluderer med at lesbiske og homofile med innvandrarsbakgrunn synest å ha ein vanskeleg livssituasjon. Som fyrstegenerasjons innvandrarar møter dei særskilde utfordringar som lesbiske og homofile i Norge. Det er ei stor utfordring at dei må skape og velje sine liv på bakgrunn av til dels motstridande førebilete og institusjonelle føringar når det gjeld familie, samliv og seksualitet. Homofile og lesbiske innvandrarar som vert utstøytte av sine familiar, vel ikkje sjeldan å isolere seg framfor å søkje støtte i lhbt-miljøa, slik norske lesbiske og homofile i same situasjon ofte gjer. Undersøkingar syner at ein del lhbt-personar med minoritetsbakgrunn slit med å oppleve fellesskap og

¹ Barne, ungdoms- og familiedirektoratet v lhbt-senteret: faktahefte: Lhbt: status 2014.

² Andersen Normann og Kirsti Malterud (2013) seksuell orientering og levekår Bergen: Uni Helse.

³ Andersen Normann og Kirsti Malterud (2013) seksuell orientering og levekår Bergen: Uni Helse.

⁴ Nova-rapport 14/03 ved Bera Ulstein Moseng: Lesbiske og homofile med innvandrarsbakgrunn – en pilotundersøkelse.

kjenner seg einsame. Det gjeld særleg dei som ikkje har opplevd aksept frå familien. Det er forskjellar mellom dei ulike etniske gruppene med omsyn til stigmatisering og negative reaksjonar frå omgjevnadene. Transpersonar fortel om jamt over sterkare og meir negative reaksjonar enn lesbiske, homofile og bifile.⁵ Handlingsplanen rettar seg også mot arbeidstakarar i fylkeskommunen og fylkeskommunen som ein inkluderande arbeidsgivar.

Unge og identitetsutvikling

Mens berre 1-2 prosent av unge sjølve definerer seg som homofile, bifile eller lesbiske, har 25 prosent av jentene og 10 prosent av gutane seksuelle røynsler med/draummar om nokon av same kjønn. Røynsle med homoseksualitet treng derimot ikkje vere avgjerande for identitetsutviklinga. Homofile og bifile elevar er meir plaga av psykiske problem som depresjon og angst samanlikna med heterofile. Transpersonar opplever pubertetstida som særst vanskeleg, både på grunn av forventningar til at dei skal leve opp til tokjønnsmodellen, og fordi vanskelege spørsmål om eigen identitet melder seg med full styrke.⁶ Sidan dei fleste oppdagar si seksuelle orientering og eigen kjønnsidentitet i løpet av skuletida, vert skulen ein viktig arena for identitetsarbeid. Lhbt-personar under 30 år opplever ein større grad av psykisk «uhelse» og auka frekvens av sjølvmoordsforsøk enn heterofile unge.⁷ Lhbt-perspektivet krev såleis ei særskild merksemd frå skule og helsevesen. Om elevane vel å vere opne om sine kjensler eller identitet er sjølvstøtt opp til den einskilde, men skulen skal bidra til at det kjennest greitt å vere seg sjølv. Det er viktig å styrke kunnskapen i skulen og redusere negative haldningar mot lhbt-befolkninga blant ungdom.

Andre handlingsplanar

Den fylkeskommunale handlingsplanen inngår i eit større planverk på området. Handlingsplanen frå regjeringa: *Betre livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar 2009-2012*, var den første i sitt slag i Norge og internasjonalt, og har fått mykje positiv tilbakemelding. Handlingsplanen hadde som mål å få til systemendringar som sikrar eit inkluderande arbeidsmiljø og gode velferdstenester til lhbt-befolkninga. Planen vart evaluert i 2013, og evalueringa viste mellom anna at forskning og kunnskap på feltet har auka. SSB har også inkludert spørsmål om seksuell orientering i levekårsundersøkinga, noko som over tid vil gi verdifull kunnskap om levekår og livskvalitet for lhbt-befolkninga.

I tillegg har organisasjonane hatt høve til å gjere meir for brukargruppene sine. Organisasjonane peikar og på at handlingsplanen har hatt verdifull symbolverdi, og at undergrupper i lhbt-befolkninga har vorte meir synlege. I 2011 blei det starta opp eit tverrfagleg lhbt-ressurssenter, og forskning, gode arbeidsmetodar og praktiske erfaringar er i ferd med å verte systematiserte og tilgjengelege gjennom ein kunnskapsbase på nett som vart opna for publikum i 2013.

Evalueringa viser at det er trong for ein ny handlingsplan som må ha som mål å sikre sterkare forankring av tiltak på alle nivå. I utdanningssektoren er det ønskjeleg å få ein meir heilskapleg strategi for lhbt-undervisninga i skulen. LLH – landsorganisasjonen for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar ved Rosa Kompetanse har gjennomført ei rekkje kompetansehevingstiltak. Kursopplegget til Rosa Kompetanse er kjenneteikna av at problemstillingar frå arbeidskvardagen til deltakarane vert nytta aktivt i undervisninga. Rosa Kompetanse får gode tilbakemeldingar, og Kunnskapsdepartementet har gitt LLH tilskot til å drive kompetanseheving av lærarar gjennom Rosa Kompetanse Skule.

Bergen kommune har også ein omfattande handlingsplan for deira tenester, i tillegg til ein eigen handlingsplan for kommunen som inkluderande arbeidsgjevar.

Loverket

Fylkeskommunen som skuleeigar og skulane har ein del lovpålagde plikter på dette feltet. Likestilling og motarbeiding av diskriminering følgjer av formålet med opplæringa, Opplæringslova § 1-1. Arbeidet mot diskriminering og for å inkludera er ein del av det større arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø som er regulert av Opplæringslova kapittel 9a. Alle elevar i vidaregåande skular har rett til eit godt psykososialt

⁵ Nova-rapport 14/03 ved Bera Ulstein Moseng: Lesbiske og homofile med innvandrerbakgrunn – en pilotundersøkelse.

⁶ Barne, ungdoms- og familiedirektoratet v lhbt-senteret: faktahefte: Lhbt: status 2014.

⁷ Normann, Tor Morten og Elisabeth Gulløy (2010) Seksuell identitet og levekår. Evaluering av levekårsrelevans og datafangst: Statistisk sentralbyrå.

miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulane har plikt til å aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø. Dette inkluderer førebygging av mobbing og trakassering på grunnlag av kjønn eller seksuell orientering.

Arbeidet mot diskriminering av lhbt-befolkninga er generelt regulert av Lov om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (diskrimineringslova om seksuell orientering) av 21.06.2013, som trådde i kraft 01.01.2014. Lova gir lesbiske, homofile, bifile og transpersonar diskrimineringsvern på alle samfunnsområde, med unntak av personlege forhold. Lova er ei særlov om forbod mot diskriminering på dette feltet og inneheld plikt til aktivt likestillingsarbeid. Det går fram av §12 at offentlege myndigheiter har plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling uavhengig av seksuell orientering, kjønnsorientering og kjønnsuttrykk. Vidare slår §14 fast at leiinga i utdanningsinstitusjonar innanfor sitt ansvarsområde skal førebyggje og søkje å hindre at trakassering i strid med § 8 skjer. Då diskrimineringslova trådde i kraft 1. januar i år fekk transpersonar diskrimineringsvern og vart dermed anerkjende som minoritet. Lova gir ein rett til å kle seg, te seg eller identifisere seg frå eigenopplevd kjønnsidentitet, uavhengig av biologisk kjønn, og utan å møte diskriminering. Personar som har fått kjønnsbekreftande behandling, og endra juridisk kjønn, har i tillegg diskrimineringsvern i likestillingslova 8.⁸

Fylkeskommunen som arbeidsgjevar

Det følger av Arbeidsmiljølova § 13-1 fyrste ledd at direkte og indirekte diskriminering på grunn av seksuell orientering er forbode. Arbeidsmiljølova § 4-3 tredje ledd om det psykososiale arbeidsmiljøet slår fast at arbeidstakar ikkje skal utsetjast for trakassering eller anna utilbørleg framferd. Hordaland fylkeskommune er mellom dei største arbeidsgjevarane i fylket med om lag 4600 tilsette, der om lag 3600 av dei tilsette arbeider i opplæringssektoren. Forskningsstiftinga Fafo gjennomførde i 2010 ei omfattande undersøking blant dei tilsette i Bergen kommune som synte at det i det store og heile står bra til. Undersøkinga synte at det er mykje usikkerheit knytt til temaet, noko som kan tyde på at det er trong for ein medveten personalpolitikk som legg til rette for openheit. Fafo-undersøkinga antyda forskjellar mellom sektorane, der mellom anna skulesektoren såg ut til å ha særskilde utfordringar. Bergen kommune har også utvikla ein eigen handlingsplan for kommunen som arbeidsgjevar - «Fremtidens arbeidsplass - Handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfold for Bergen kommune som arbeidsgiver 2013-2016». Det føreligg ikkje noko tilsvarende kunnskap om korleis lhbt-arbeidstakarar i Hordaland fylkeskommune har det.

2. Mål og tiltak

Mål 1: Alle nivå i skulesektoren i Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å utvikle eit læringsmiljø som fremjar god helse og læring for lhbt-befolkninga.

Tiltak:

1. Skuleeigar skal arbeide aktivt for å sjå til at lhbt-perspektivet vert følgt opp i skulane sitt førebyggjande arbeid for å fremje eit godt psykososialt læringsmiljø i samsvar med krava i § 9a i opplæringslova.
2. Skuleeigar skal sjå til at lhbt-perspektiv vert trekt inn i planlegging og samarbeid knytt til russefeiringa.
3. Skulane bør ha eit særleg fokus på nulltoleranse mot mobbing av lhbt-elevar i det generelle arbeidet ved skulen.
4. Skulane skal samarbeide aktivt med skulehelsetenesta for å spreie kunnskap og sikre heilskapleg ivaretaking av lhbt-elevar.
5. Skuleeigar skal sjå til at lhbt-perspektivet vert ivareteke i arbeidet med *Handlingsplan for helsefremjande skule 2015-2018*.

Mål 2: Skuleeigar skal auke og spreie kunnskap innanfor skule og utdanning om omfang og samanhengar når det gjeld trakassering og mobbing knytt til seksuell orientering og kjønnsuttrykk.

⁸ Barne, ungdoms- og familiedirektoratet v lhbt-senteret: faktahefte: Lhbt: status 2014.

Tiltak:

1. Skuleeigar skal legge til rette for kurs i regi av LLH ved Rosa Kompetanse for skuleleiarar, lærarar og skulen sitt ressursteam og aktivt invitere til å delta på kursa.
2. Skulehelsetenesta skal arbeide for at ungdom med spørsmål knytt til seksuell identitet skal verte møtt med forståing, innsikt og rettleiing med omsyn til helsetilbod med låg terskel. Skulehelsetenesta skal ha informasjonsmateriell om lhbt-befolkninga godt synleg og tilgjengeleg på venteromma i tråd med handlingsplanen til Bergen kommune
3. Skulebiblioteka bør sjå til at tidsskrift og litteratur med lhbt-perspektiv vert gjort tilgjengeleg på skulen, og at lenkjer til nettstader for lhbt-elevar vert lagt til skulen sin digitale arena der det er mogleg.
4. Skuleeigar skal utarbeide ein lokal rettleiar til bruk i skulane sitt arbeid med eit helsefremjande miljø for lhbt-personar i samarbeid med frivillige organisasjonar.

Mål 3: Fylkeskommunen skal vere ein inkluderande arbeidsgjevar.

Tiltak:

1. HFK skal tilby kompetanseheving for leiarar, tillitsvalde og verneombod om omfang og samanhengar når det gjeld trakassering og mobbing knytt til seksuell orientering og kjønnsuttrykk.
2. Leiarane i HFK skal oppmodast til aktivt å medverke til at lhbt-tilsette kan vere opne på arbeidsplassen.
3. HFK skal leggje til rette for å auke kunnskap om lhbt-befolkninga i heile organisasjonen for å sikre eit inkluderande og helsefremjande arbeidsmiljø.
4. HFK skal kvalitetssikre at personal- og arbeidsreglementet for HFK ikkje verkar diskriminerande med utgangspunkt i seksuell orientering og kjønnsidentitet.
5. Arbeidsgjevar skal utarbeide ei lokal rettleiing til bruk i HFK sitt arbeid for å sikre eit helsefremjande arbeidsmiljø for lhbt-personar.

3. Oversyn over organisasjonar og ressursar**Organisasjonar****Forbundet for transpersoner i Norge**

<http://www.ftpn.no>

LLH - Landsforeningen for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner

<http://www.llh.no>

LLH Bergen og Hordaland - Landsforeningen for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner, fylkeslaget i Hordaland

http://llh.no/nor/fylkeslag/llh_bergen_og_hordaland/

Rosa Kompetanse Skole

Rosa Kompetanse har ei eiga ressursgruppe på skulefeltet. Dei har utvikla eit undervisningstilbod om korleis vi kan snakke trygt om kjønn og seksualitet i skulen. Målet er å bidra til auka kunnskap om det å vere lesbisk, homofil, bifil eller transperson i dagens Noreg

http://www.llh.no/nor/prosjekter/rosa_kompetanse/rosa_skole/

Skeiv Ungdom – Ungdomsorganisasjonen til LLH, rettar seg mot ungdom under 30 år. Har utvikla RESTART, ei satsing for ein trygg og inkluderande skule der alle kan vere og utrykke seg som ein vil. Skuleopplegget varer 90 minutt og består av ein del teori og ein praktisk del der elevane er med på øvingar som syner normer rundt kjønn og seksualitet.

<http://www.skeivungdom.no>

Skeiv Ungdom Bergen - Ungdomsorganisasjonen til LLH, lokallaget i Bergen

<http://www.skeivungdom.no/lokallag/bergen/>

Skeiv Verden

Organisasjon for lesbiske, homofile, bifile, trans- og queerpersonar (LHBTQ) med minoritetsbakgrunn

<http://skeivverden.no/index.html>

Lovverk

Opplæringslova

<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=opplæringsloven>

Diskrimineringslova om seksuell orientering

<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2013-06-21-58?q=diskriminering>

Arbeidsmiljølova

<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-62?q=arbeidsmiljølova>

Litteratur og kunnskap

Blikk Noregs einaste magasin for homofile, lesbiske, bifile og transpersonar

www.blikk.no

Andersen Normann og Kirsti Malterud (2013) seksuell orientering og levekår Bergen: Uni Helse.
Nova-rapport 14/03 ved Bera Ulstein Moseng: Lesbiske og homofile med innvandrerbakgrunn – en pilotundersøkelse.

Barne, ungdoms- og familiedirektoratet v lhbt-senteret: faktahefte: Lhbt: status 2014

Normann, Tor Morten og Elisabeth Gullløy (2010) Seksuell identitet og levekår. Evaluering av levekårsrelevans og datafangst: Statistisk sentralbyrå.

Fafo-rapport «Kunnskapsoversikt om lesbiske, homofile, bifile og transpersoner

<http://www.fafo.no/pub/rapp/10188/10188.pdf>



Arkivnr: 2014/18721-3

Saksbehandlar: Kjersti Kvaløy

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	66/14	21.10.2014
Fylkesutvalet		30.10.2014

Høyring om omgjerung av utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon

Samandrag

Utdanningsdirektoratet sende 1. juli 2014 ut høyrings sak om omgjerung av utdanningsprogram for Medium og kommunikasjon. Planen er å sette i verk endringar frå skuleåret 2016-17. Frist for høyringsuttale til Utdanningsdirektoratet er 31. oktober 2014.

Høyringsprosessen har vore organisert gjennom Fagutval for medium og kommunikasjon som har gjennomført høyringsmøte med fagmiljøa. Fagutval for design og handverk har kome med innspel knytt til ivaretaking av yrkesfaga i Medium og kommunikasjon innan Design og handverk. Alle skular har òg vorte invitert til å gje innspel på høyringa.

Denne høyringa omhandlar forslag til struktur og fag- og timefordeling for nytt Medium og kommunikasjon. Etter at ny struktur og fag- og timefordeling er fastsett, vil det kome ei ny høyring som omhandlar læreplanar og namn på utdanningsprogram og programfag.

Forslag til ny struktur og fag- og timefordeling inneber endringar i tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring. Når struktur og fag- og timefordelinga er fastsett, må skuleigar leggje til rette for nye tilbod i si vidare planlegging og dimensjonering.

Forslag til innstilling

1. Fag- og timefordelinga for det nye studieførebuande tilbodet i Medium og kommunikasjon (MK) bør i hovudsak følgje fag- og timefordelinga for dei studieførebuande programma Musikk, dans og drama og Idretsfag. Unntak er 2. framandspråk som bør gjerast valfritt for elevane på MK slik at desse elevane har høve til å kunne velje meir fordjuping i MK-fag.
2. Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 2 felles programfag. Forslag til namn er *Mediekommunikasjon* og *Design og medieproduksjon*.
3. Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 4 valfrie programfag. Blant desse bør dei valfrie emna *Teknologi og media* og *Idéutvikling* opprettast
4. Strukturen for eit framtidig utdanningsprogram i MK bør vere i tråd med modell 1. Gjennom denne modellen vil ein best kunne sikre rekrutteringa til og ta vare på dei yrkesfaglege kvalitetane i fotograf-, mediografikar- og mediedesignerfaget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.09.2014

Heile høyringa finn ein her: <http://www.udir.no/Regelverk/Horinger/Saker-ute-pa-horing/Horing-om-omgjoring-av-utdanningsprogram-for-medier-og-kommunikasjon-1/>

Bakgrunn

I samband med behandlinga av Meld. St. 20 (2012-2013) *På rett vei* vart det vedteke å;

- gjere om utdanningsprogram for Medium og kommunikasjon (MK) frå eit yrkesfagleg utdanningsprogram til eit studieførebuande utdanningsprogram
- ivareta yrkesfaga i utdanningsprogram for MK (fotograf, mediedesignar og mediegrafikar) innanfor strukturen for yrkesfaglege utdanningsprogram

Omgjeringa er grunna i at fleirtalet av elevane i utdanningsprogrammet for Medium og kommunikasjon vel eit løp mot generell studiekompetanse. Det gjeld både nasjonalt og regionalt. Situasjonen blant elevane som starta på Vg1 MK i 2011/12 i Hordaland, er illustrerande. Då starta totalt 243 elevar på Vg1. Skuleåret 2014/15 finn vi totalt 195 av desse i Vg3 i skule¹. Berre 11 har søkt læreplass. 6 av desse har ikkje bestått i eitt eller fleire fag.

Forslag til ny struktur og fag- og timefordeling i Medium og kommunikasjon

I høyringa presenterer utdanningsdirektoratet to alternative modellar for omgjering av utdanningsprogram for MK:

- Modell 1: Gjere om utdanningsprogram for MK frå eit yrkesfagleg til eit studieførebuande program og ivareta yrkesfaga i MK innanfor utdanningsprogrammet Design og handverk (DH).
- Modell 2: Ivareta yrkesfaga i MK innanfor ein felles struktur der studieførebuande og yrkesfag vert kombinert det første året.

For elevar som ynskjer generell studiekompetanse, er modellane 1 og 2 like. For elevar som ynskjer sveinebrev eller yrkeskompetanse er modellane ulike.

Forslag til fag- og timefordeling i det studieførebuande tilbodet (Innstilling punkt 1, spørsmål 1 og 2 i høyringsnotatet)

Utdanningsdirektoratet foreslår at fag- og timefordelinga i det studieførebuande tilbodet i MK skal følgje fag- og timefordelinga for dei studieførebuande programma Musikk, dans og drama (MDD) og Idrettsfag, slik at elevane på MK får same høve til å velje.

Kommentar:

Fylkesrådmannen meiner at det er tenleg at fag- og timefordelinga for det nye studieførebuande MK i hovudsak følgjer fag- og timefordelinga for MDD og Idrettsfag i fellesfaga og programfaga. I tillegg til å gje elevar på dei studieførebuande utdanningsprogramma same høve til å velje, vil ei lik fag- og timefordeling for alle dei studieførebuande utdanningsprogramma gjere det mogleg å planleggje samanslåing i fellesfag mellom utdanningsprogramma.

Fylkesrådmannen meiner samstundes det er viktig å ivareta noko av den praktisk-teoretiske opplæringa dagens MK har innanfor det nye, studieførebuande tilbodet. Bransjen treng høgt utdanna medarbeidarar som både har kunnskap og ferdigheiter innan kommunikasjon, design og produksjon. Høgare utdanningsinstitusjonar som det studieførebuande tilbodet leiar mot, legg òg opp til løp der teori og praksis kan kombinerast. Universitetet i Bergen uttalar følgjande om sine nye, framtidsretta studietilbod innan

¹ Elevane i Vg3 skule fordeler seg slik: 80 Vg3 Medium og kommunikasjon, 96 Vg3 Påbygg og 19 i andre løp. I følgje fagmiljøa er grunnen til at mange elevar vel Vg3 Påbygg framfor Vg3 Medium og kommunikasjon at Vg3 Påbygg inneber 5 færre veketimar.

medievitskap; «Alle programmene vil være praktisk orienterte universitetsutdanninger med innslag av utplassering hos klyngebedriftene i løpet av studieløpet...Dagens tilbud innen journalistikk, film og tv og nye medier vil bli lagt ned og erstattet av nye programmer med det til felles at de har et større fokus på teknologi og innhold, og relasjoner mellom dem».²

Praktisk, teoretisk og teknologisk medieforståing er òg allmenndannande kunnskap i dagens samfunn og viktig sjølv om ein ikkje skal studere mediefag vidare. Å velje praksis som metode kan gje ei type innsikt som har verdi i seg sjølv og samstundes auke teoretisk forståing. Kombinasjonen av teoretisk og praktisk tilnærming i eit løp som gjev studiekompetanse, er i tråd med tankar om «hybrid schooling» som hevdast å vere eit av «..the most promising experiments in education today».³

Forslaget til ny studieførebuande modell inneber ein reduksjon av reine MK-timar og aukiing av fellesfagtimar jamført med dagens ordning. Reduksjonen i reine MK-timar er i snitt på 14 timar per veke.⁴ Fylkesrådmannen er bekymra for at tal reine MK-timar blir så vidt redusert at det blir vanskeleg å kombinere ei teoretisk og praktisk tilnærming, og foreslår av den grunn at 2. framandspråk blir gjort valfritt for elevar på MK.

Tal og namn på felles programfag (Innstilling punkt 2, spørsmål 3 og 4 i høyringsnotatet)

Utdanningsdirektoratet foreslår at det nye studieførebuande utdanningsprogrammet skal ha 2 felles programfag a 140 timar. Namneforslaga er *Medium og kommunikasjon 1, 2 og 3* og *Medieuttrykk 1, 2 og 3*. I *Medium og kommunikasjon* er hovudfokus kommunikasjon av eit bodskap frå avsendar til mottakar ved bruk av ulike teknikkar. I *Medieuttrykk* vil det estetiske og tekniske vektleggast i arbeid med medieproduksjon.

Kommentar

Fylkesrådmannen støttar at det nye studieførebuande utdanningsprogrammet skal ha 2 felles programfag og foreslår at namna blir *Mediekommunikasjon* og *Design og medieproduksjon*. Alt som produserast kommuniserer og har eit design. Det er derfor tenleg å sjå design i samband med produksjon, samt gi rom for eit meir teoretisk grunnlag i faget Mediekommunikasjon. Samstundes er det viktig å understreke at dei 2 programfaga er relevante for kvarandre. I faga bør det derfor leggast opp til tverrfagleg arbeid med praktisk produksjon.

Tal, namn og innhald på valfrie programfag (Innstilling punkt 3, spørsmål 5 og 6 i høyringsnotatet)

I det eksisterande tilbodet innan MK er det eitt valfritt programfag. Utdanningsdirektoratet foreslår at det blir oppretta fire valfrie programfag med omfang 140 timar i det nye studieførebuande tilbodet. Høyringspartane vert oppmoda om å foreslå namn og innhald i dei valfrie programfaga.

Kommentar

Fylkesrådmannen støttar forslaget om 4 valfrie programfag. Ein valfridom på 4 programfag vil både kome elevar og skular til gode. Elevar vil kunne velje i eit relativt breitt tilbod. Skular står noko friare til kva fag dei tilbyr basert på lærarressursane/fagressursane ein har ved den enkelte skule.

Fylkesrådmannen meiner at kriteriet for dei valfrie programfaga må vere at dei er framtidretta og praktiske. Fordi vi ikkje heilt veit korleis morgondagens mediasamfunn blir, bør dei valfrie programfaga òg vere fundamenterte i entreprenørskap og ha eit fleirfagleg fokus. Fylkesrådmannen har på denne bakgrunn to forslag til valfrie programfag; *Teknologi og media* og *Idéutvikling*.

² <http://www.uib.no/infomedia/51800/media-city-bergen#studietilbud>

³ Barber, Donnelly and Rozvi (2012): Oceans of Innovation: The Atlantic, the Pacific and the future of education (p 56)

⁴ Gamal ordning MK: Totalt timetal med MK-fag for Vg1, Vg2 og Vg3 er 39 timar programfag, 15 timar prosjekt til fordjuping og 5 timar valfritt programfag. Til saman utgjer dette 59 timar «reine» MK-fag. Ny ordning MK: Totalt timetal med MK-fag for Vg1, Vg2 og Vg3 er 30 timar programfag og 15 timar valfritt programfag. Til saman utgjer dette 45 timar «reine» MK-fag. Skilnaden mellom gamal og ny ordning blir i snitt 14 timar per veke.

Teknologi og media: Fokus i valemnet er kunnskap om, og forståing av, rolla teknologi/medieteknologi har i mediasamfunnet, samt handtering av ulike teknologi i praksis. Vidare kan ein i emnet opne for tverrfagleg samarbeid med andre teknologifag, samt vere i front når det kjem til forskning og nytenking i fagtilfanget i eit framtidig utdanningsløp.

Idéutvikling: Fokus i valemnet er tema som idéutvikling (mellom anna innan reklame/PR, medieproduksjon, arrangementsutvikling mm.), punching, omdømebygging og profilering, nettverksbygging, marknadsanalyse og strategi og prosjekt- og økonomistyring. Tilnærminga skal vere teoretisk og praktisk.

Fleire forslag til valfrie programfag vil kome i neste høyringsrunde.

Utdanningsdirektoratet skisserer to modellar for nytt MK som inneber ulike vegar til målet for elevar som ynskjer yrkeskompetanse eller sveinebrev.

Modell 1: Yrkesfaga fotograf, mediegrafikar og mediedesignar blir lagt til utdanningsprogrammet Design og handverk (Innstilling punkt 4, spørsmål 7 og 8 i høyringsnotatet)

I modell 1 foreslår Utdanningsdirektoratet å leggje yrkesfaga i MK til utdanningsprogrammet Design og handverk (DH). Forslaget inneber eit felles Vg1 for elevar i yrkesfaga på MK og DH. Vidare inneber modellen oppretting av eit nytt Vg2 basert på dagens Vg2 Interiør og utstillingsdesign (DH). Det nye Vg2 vil farnne 6 lærefag/yrkeskompetansar⁵ til skilnad frå dagens Vg2 Interiør og utstillingsdesign som farnar 3. Utdanningsdirektoratet ønskjer primært denne modellen.

Modell 2: Yrkesfaga fotograf, mediedesignar og mediegrafikar blir inkludert i eit studieførebuande tilbod med felles Vg1 for alle elevane på Medium og kommunikasjon (Innstilling punkt 4, spørsmål 9 og 10 i høyringsnotatet)

I modell 2 foreslår Utdanningsdirektoratet å ivareta yrkesfaga i MK innan ein felles struktur der studieførebuande og yrkesfag blir kombinert det første året. Fag- og timestfordelinga vil bli lik for alle elevar på Vg1, uavhengig av om dei ynskjer eit studieførebuande eller yrkesfagleg løp. På same måte som for modell 1 vil fag- og timestfordelinga bli som på utdanningsprogram for idrettsfag og musikk, dans og drama.

På Vg2 vil det bli ei eige fag- og timestfordeling for dei yrkesfaglege elevane på MK med fleire fellesfag og færre timar programfag og prosjekt til fordjuping enn for andre elevar på yrkesfag. Denne modellen er foreslått av Fagleg råd for medium og kommunikasjon.

Kommentar

Fylkesrådmannen støttar Utdanningsdirektoratet si vurdering av at ein gjennom modell 1 best kan ta vare på yrkesfaga innan MK. Dette grunna at fag- og timestfordelinga i modell 1 blir som for dei andre yrkesfaga, noko som gjer det lettare å ta vare på dei yrkesfaglege kvalitetane i fotograf-, mediedesignar- og mediegrafikarfaget.

Innlemming av yrkesfaga i MK i DH *kan* bidra til ei nødvendig rydding og «oppstramming» på Vg1 DH. Spesielt vil programfaget «Kvalitet og dokumentasjon» i DH kunne få ei kvalitetsheving i møte med yrkesfaga innan MK. Om det er tenleg å opprette eit nytt felles Vg2 for MK- og DH-fag basert på dagens Vg2 Interiør og utstillingsdesign (DH), er det vanskeleg å ta stilling til før ein ser læreplanane for DH og MK i samanheng og på den grunn kan sjå konturar av nye læreplanar. Usikkerheita kring dette spørsmålet er dels knytt til eit spørsmål om kor utvatna dei eksisterande faga vil bli, og dels knytt til spørsmålet om det finst lærekrefter som kan dekke eit så vidt spekter. Eit yrkesretta løp for MK må uansett ha ein læreplan og eit mål som sikrar at ein har nok læreplassar.

Hovudvekta av fagmiljøa i Hordaland ynskjer modell 2. Dette grunna at yrkesfaga i denne modellen fortsatt vil vere knytt til dei andre faga i Medium og kommunikasjon, noko som er ein fagleg styrke i dagens tilbod

⁵ Innan MK finnast yrkesfaga mediegrafikar, fotograf og mediedesignar, medan dagens Vg2 Interiør- og utstillingsdesign (DH) rommar yrkesfaga utstillingsdesignar, interiørkonsulent og profileringsdesignar.

og struktur. Vidare fryktar fagmiljøa som ynskjer modell 2 at mediefaga vil bli utvatna om den praktiske delen av mediefaga blir lagt til DH. I så fall står elevane i fare for å få for lite reell mediekompetanse til å imøtekoma krava frå mediebransjen.

Fylkesrådmannen meiner likevel at av forslaga som ligg til grunn i høyringsutkastet er modell 1 den beste løysinga. Dei yrkesfaglege kvalitetane til lærefaga kan betre bli ivaretatt gjennom modell 1. Vidare er timetalet i fellesfaga i modell 1 fordelt over 2 år i motsetning til i modell 2 der elevane som ynskjer eit yrkesfagleg tilbod, må ta fellesfag som norsk og engelsk over 1 år. Desse fellesfaga er heller ikkje yrkesretta, då dei høyrer til eit studieførebuande løp.

Av 11 elevar frå 2011/12-kullet på MK i Hordaland som søkte læreplass i år, hadde 6 *ikkje bestått* i eitt eller fleire fag. I lys av desse tala meiner fylkesrådmannen at modell 2 som legg opp til meir teorifag for dei som ønskjer ei yrkesfagleg løp, ikkje er heldig med tanke på gjennomføring. Mangel på gjennomføring fører ikkje til betring av rekrutteringa til yrkesfaga i MK.



Arkivnr: 2014/20188-2
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	67/14	21.10.2014
Fylkesutvalet		30.10.2014

Anmodning om uttale - Norges Realfagsgymnas Sotra AS -søknad etter privatskolelova

Samandrag

Norges Realfagsgymnas Sotra AS har søkt om godkjenning av ny vidaregåande skule på særskilt grunnlag etter privatskoleloven § 2-1 tredje ledd.

Skulen har søkt om godkjenning for 225 elevplasser på Vg1-3 med start hausten 2015.

Frist for uttale er 7. oktober 2014.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet meiner at tilbodet frå Norges Realfagsgymnas Sotra AS har same målsetting og difor ikkje er nyskapande samanlikna med tilbodet ved teknologilinja ved Sotra vidaregåande skule. Vidare er det overkapasitet ved studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen, og ei godkjenning av skulen vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet kan av den grunn ikkje sjå at det er grunnlag for å godkjenne søknaden frå Norges Realfagsgymnas Sotra AS.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.10.2014

Bakgrunn for saka

Norges Realfagsgymnas Sotra AS har søkt om godkjenning av ny vidaregåande skule på særskilt grunnlag etter privatskolelova § 2-1 tredje ledd. Skulen har søkt om godkjenning for 225 elevplasser på Vg1-3 med start hausten 2015. Skulen planlegg å etablere seg i Fjell kommune i tettstaden Straume.

Vertsfylket skal høyrast før det vert gjort vedtak om godkjenning av ein skule, og høyringsfristen er sett til 7. oktober 2014.

Norges Realfagsgymnas Sotra AS har søkt om godkjenning. Grunnlaget for godkjenning er privatskolelova § 2-1 som lyder:

§ 2-1. Godkjenning av skolar

Departementet kan godkjenne private skolar og driftsendingar ved godkjende private skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Vertskommunen eller vertsfylket skal gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.

Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:

- a) religiøst*
- b) anerkjend pedagogisk retning*
- c) internasjonalt*
- d) særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett*
- e) norsk grunnskoleopplæring i utlandet*
- f) særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma*
- g) vidaregåande opplæring i små og verneverdige handverksfag.*

Departementet kan i særskilde tilfelle gi godkjenning til private skolar som ikkje fyller kravet om grunnlag i andre ledd.

Den aktuelle heimelen for mogleg godkjenning av Realfagsgymnaset er privatskolelova § 2-1 tredje ledd, ein mellombels dispensasjonsheimel som trådde i kraft 20. juni 2014. Ved vurderinga av godkjenning er Hordaland som vertsfylke beden om å gi uttale, særleg om kva konsekvensar ei eventuell godkjenning vil få for den offentlege skulestrukturen. Utdanningsdirektoratet viser til at § 2-1 tredje ledd er ein smal unntaksheimel som berre vil vere aktuell i særskilde tilfelle. Dispensasjon vil berre verte gjeve når skulen det vert søkt om godkjenning for, har eit pedagogisk tilbod eller ei organisering av undervisninga som er nyskapande i høve til eksisterande offentlege og private skular.

Det er presisert i instruks frå Kunnskapsdepartementet til Utdanningsdirektoratet av 23.06.2014 at det ikkje skal godkjennast skular etter dispensasjonsheimelen dersom vertsfylket går imot godkjenning.

Situasjonsomtale

Negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen

Ved vurdering av trong for auka elevplasstal på studiespesialiserande utdanningsprogram på Sotra er det naturleg å sjå på utviklinga i talet på 16-18-åringar i regionen samanlikna med elevplasstalet ved utdanningstilbodet det vert søkt om godkjenning for.

I skulebruksplanen er utviklinga i elevtalet i regionen omtala slik:

«I region vest er elevtalet og talet 16-18-åringar venta å halde seg relativt stabilt i første del av planperioden. Frå omkring 2020 er elevtalet venta å auke frå omkring 4000 til i underkant av 4400 i 2025. I perioden frå 2025-2035 er elevtalet venta å auke opp mot 5000. I region vest er talet 16-18-åringar i Askøy kommune venta å auke mykje i heile planperioden (med om lag 400 16-18-åringar). Veksten i Askøy kan og vise seg å verte større enn dette. Sjølv planlegg kommunen med jamt over 3 % årleg vekst i folketalet.

Veksten i folketalet fordeler seg ulikt i ulike aldersgrupper. 3 % vekst er difor truleg eit for høgt anslag dei komande åra i aldersgruppa vi her omtalar. Sund kommune er venta å auke svakt, medan resten av kommunane og bydelane er venta å halde seg stabile eller minke svakt.»

I Region Vest inngår Sotra vidaregåande skule, Askøy vidaregåande skule, Olsvikåsen vidaregåande skule, Laksevåg vidaregåande skule og Fyllingsdalen vidaregåande skule. Hordaland fylkeskommune tilbyr i dag studiespesialiserande utdanningsprogram ved alle vidaregåande skular i regionen. Kapasiteten ved studiespesialiserande utdanningsprogram ved desse skulane er 1580. Elevteljingar pr. 15. september 2014 syner at det er om lag 1220 elevar. Det er såleis allereie ein overkapasitet på over 300 elevplassar på studieførebuande i Region Vest.

I oppfølgingssak til Skulebruksplanen 22.01.2014 heiter det følgjande om kapasitet på studieførebuande i Bergen: «Slik prognosane ser ut no, er det ein overkapasitet på ca. 1000 plassar på stusp i Bergen. Dette gjer at det samla sett er naudsynt å gjere endringar i tilbodet.» Med Bergen er det meint Bergen og omlandskommunar som Sotra og Askøy. Av omsyn til kapasiteten er det difor ikkje trong for å auke plasstalet på studiespesialiserande utdanningsprogram på Sotra, i Region Vest eller om ein ser på heile Stor-Bergen.

Tilbodet er ikkje nyskapande samanlikna med det eksisterande skuletilbodet

Norges Realfagsgymnas Sotra AS ønskjer å etablere studiespesialiserande utdanningsprogram med vekt på realfag. Dei vil tilby elevane nokre fleire timar per veke samanlikna med det offentlege skuletilbodet. Vidare vil dei ha noko mindre klassar og eit ekstra fokus på engelsk. Ved Sotra vidaregåande skule er det eit styrka tilbod innan realfaga gjennom tilbodet teknologifag. Tilbodet vektlegg realfaga i studiespesialiserande utdanningsprogram og gjev elevane spesialisert utdanning innan teknologiske fag som fører fram mot arbeid som ingeniør, sivilingeniør eller andre tekniske/naturvitenskaplege jobbar. Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå at tilbodet ved Norges Realfagsgymnas Sotra AS er nyskapande, då det i hovudsak er tilsvarande det offentlege skuletilbodet ved Sotra vidaregåande skule.

Konklusjon

Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet. Hordaland fylkeskommune har kapasitet til å tilby alle som ønskjer det studiespesialiserande utdanningsprogram. Ei mogleg godkjenning vil auke den allereie eksisterande overkapasiteten på studiespesialiserande i regionen, som igjen vil kunne føre til nedlegging av offentlege skuleplassar.

Vidare er ikkje skuletilbodet ved Realfagsgymnaset nyskapande. Sotra vidaregåande skule tilbyr i dag teknologilinje ved sitt studiespesialiserande tilbod. Eit nytt realfagsgymnas vil ha same målgruppe som teknologilinja, og det er grunn til å tru at tilbodet vi ha mykje same innhald som teknologilinja har. Realfagsgymnaset utgjer inga nyskaping samanlikna med det eksisterande offentlege skuletilbodet i fylket. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er rom for å etablere eit nytt realfagsgymnas på Sotra.

PS 68/14 Ymse